



Ove Stanley Nilsen  
Fjellangersvingane 282  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/749 - 16/9256

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
06.04.2016

## Registrert melding om sprukken septiktank. Varsel om vedtak om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 104/12 Haukås.

Lindås kommune har 02.03.2016 mottatt melding frå føretaket Johny Birkeland Transport AS om at septiktanken på egedommen er sprukken.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

**Septiktanken må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 27. april.  
Septiktanken må sikrast forsvarleg, inntil han er skifta ut, slik at menneske eller dyr ikkje fell ned i kummen.**

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra dette arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Vi ber også om at du gjer greie for kva avlaupsløysing egedomen har og når denne vart godkjend. Skjema sender du til

- [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø



Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Melding om sprekk i septiktank - gbnr 104/12 Haukås  
Bilder av septiktank  
Bilder av septiktank  
Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

**Mottakarar:**

Ove Stanley Nilsen

Fjellangersvingane 5955  
282

LINDÅS